

Særheim 14.03.14

HLB rapport 2013 og planar 2014

Sektormål 1

Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB) tilbyr studiar for landbruk, bygdeutvikling, etablerarar i distrikta, for rådgjevarar og tilretteleggjarar, og til dei som vil arbeida med utviklingsoppgåver i organisasjonsliv eller offentleg sektor. Undervisninga er basert på forskingsbasert kunnskap innan pedagogikk, nyskaping/entreprenørskap, bygdeutvikling, landbruks-/bygdeøkonomi. HLB legg stor vekt på *utviklingskompetanse* både i forsking og formidling, og har *Kunnskap for utvikling!* som slagord. Målsetjinga for høgskulen er å produsera og formidla *kunnskap for livskraftige bygdesamfunn*.

Studia blir gjennomførte både på heiltid og deltid, og er lagt opp slik at dei kan gjennomførast av folk som er yrkesaktive. Studentane blir tekne opp enten på grunnlag av formell studiekompetanse eller, i nokre få tilfelle, basert på godkjenning av realkompetanse. Dei fleste studentane er relativt vaksne. Vi har og har hatt om lag like mange studentar av begge kjønn.

Eksamensresultata og tilbakemeldingane har vore gode frå studentane som har gjennomført eitt eller fleire av studia som HLB tilbyr. I 2011 - 2013 var HLB den høgare utdanningsinstitusjonen i Noreg med best karakterar på bachelornivå. Resultata er kvalitetssikra med utstrekkt bruk av eksterne sensorar.

Av dei studentane som startar opp, er det svært få som ikkje fullfører. Vidare er det lite stryk til eksamen.

Studiar, studentar og studiepoeng

Høgskulen hadde 82 eigne registrerte studentar i 2013. Det er bestått totalt 1625 enkeltstudiepoeng i 2013. Dette er ein nedgang frå 2012. Nedgangen kjem etter tre år med rask, samanhengande vekst. Ser me bak desse tala, kjem det likevel fram ei historie om dei omfattande endringane HLB har vore gjennom dei siste åra.

Fram til og med 2012 var mange av HLB sine studentar motiverte av moglegheita til å kunna studera her for å bli autoriserte rekneskapsførarar. Då krava for rekneskapsførar vart skjerpa (frå 120 «relevante» studiepoeng til krav om BA i økonomi og administrasjon) i 2011, vart HLB mindre attraktiv for denne gruppa. Framleis kan fag frå HLB (m.a. økonomi- og nyskappingsmodular) inngå inn i ein slik grad, men ein lyt komplettera med studiepoeng frå andre institusjonar.

Studentar som var inne med denne motivasjonen avslutta sine studiar i 2012. Frå og med 2013 er *alle* studentane våre – og difor alle produserte studiepoeng – knytt til HLB sitt eige BA-

program innan bygdeutvikling. Når det difor gjeld poengproduksjon knytt til eigen grad, er det reelt sett ein betydeleg auke frå 2012 til 2013.

Høgskulen har i kalenderåret 2012 hatt studentar på bachelorkursa Handlingskompetanse (Frå haust 2013 Endringskunnskap), Økonomi og leiing (ØK), Hest i Næring og Nyskaping (NY). Me ser ein tydeleg tendens til at fleire studentar tek faga på fulltid. Dei aller fleste søker no opptak til HLB sin *bachelorgrad i bygdeutvikling* - den første BA av sitt slag i Skandinavia.

I tillegg hadde HLB 35 studentar på den speialkonstruerte modulen Fagkurs i samfunsentreprenørskap, eit 10-poengskurs om det å skapa positiv endring i eit lokalsamfunn.

Våren 2013 vart det andre kullet med bachelorkandidatar i bygdeutvikling uteksaminerte.

Studiesenteret.no

Hausten 2013 starta HLB eit pilotprosjekt saman med Studiesenteret.no. Samarbeidet skal gjere BA bygdeutvikling tilgjengeleg for studentar i heile landet. Sentralt i samarbeidet er visjonen om å jobbe mot ein utvida integrert modell der høgskulen, lokalt næringsliv og virkemiddelapparat kan samarbeide i eit verdiskapande nettverk.

Studiesenteret organiserer 100 kommunar og har lokalar og ressursar tilgjengeleg i 16 fylker. Organisasjonen jobbar for at distrikts-Noreg skal ha same utdanningstilbod som dei store byane.

Pilotprosjektet har vore vellukka, HLB har fått gode tilbakemeldingar frå både studentar, studiesenter og forelesarar. Difor ønskjer høgskulen å fortsette med dette tilbodet i framtida og. Bachelorstudentane deltar i undervisninga frå sitt lokale studiesenter. I tillegg er det mogleg å skapa små studentfellesskap og bruke lokalsamfunnet i oppgåver og case.

Følgjene studiesenter deltar i prosjektet studieåret 2013/2014:

- Hardanger
- Vardø
- Tana
- Moss
- Oppdal

Endringar i staben

HLB skal vera Noregs og Skandinavias leiande fagmiljø på bygdeutviklingsfeltet. Styrkinga av fagmiljø og akademisk stab ved HLB heldt fram i 2013. 4 desember 2013 går inn som ein merkedag i høgskulen si historie, då rektor Dag Jørund Lønning (dr. philos) vart utnemnt til landets første professor i nyskaping og bygdeutvikling. Hendinga vart markert med ei storstilt feststund på Bryne med særskilt deltaking både frå eigalarar og vene av høgskulen. Fem ordførarar frå Rogaland, to stortingsrepresentantar, samt fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa deltok.

Elles vart den svært erfarne bygdeutviklingsforskaren Eli Janette Fosso tilsett i full stilling som førsteamannusis hausten 2013. Ho hadde før dette vore i deltstilling i eitt år. Ein

nyutdanna sosialantropolog (phd), Olav Eggebø, vart tilsett som førsteamanuensis frå 01.10.13.

HLB har no over 90% førstekompetanse i staben.

Auka satsing på kompetanse har gjort HLB til ein viktig aktør på forskings- og utviklingssida. I løpet av 2013 gjennomførte HLB ei rekke forskingsoppdrag knytt til tema som dialogbasert arealutvikling, natur- og kulturbasert nyskaping, landskapsutvikling/jordvern og næringsutvikling både nasjonalt og internasjonalt. Resultat og erfaringar frå dette arbeidet er i dag trekt aktivt inn i undervisninga ved høgskulen for å sikra forskingsbasert undervisning av høg internasjonal kvalitet.

Våre internasjonale kontaktar og nettverk vart stadig vidareutvikla gjennom deltaking i ulike EU-program, COST-nettverk, EØS-program og invitasjon til å halda fordrag internasjonale konferansar og seminar.

Økonomi

Økonomien ved HLB er i god vekst. Høgskulen noterte for fjerde år på rad eit økonomisk overskott – pålydande kr 33.434,-. Overskottet vil bli nytta til styrka institusjonen sin eigenkapital – no pålydande kr 971 856,-.

Det positive økonomiske resultatet skuldast i stor grad svært god prosjektinngang. Omsetnad er auka frå vel 3 millionar i 2009 til over 7 millionar i 2013.

Sektormål 2

HLB er ved utgangen av 2013 involvert i ei rekke forskings- og utviklingssatsingar:

Jærsmål

I landets første tankesmie av sitt slag, skal interessentane som kjempar om jærlandskapet inviterast opp av skyttargravene og inn rundt det runde dialogbordet. Smia har deltaking frå sentrale personar i jærregionen innanfor landbruk, offentleg planlegging, natur-/kulturvern, friluftsliv og privat næringsliv (utbygging). Utviklinga av Jærsmål har vore eit samarbeid mellom HLB og Østerhus Tomter AS. Satsinga byggjer på HLB sin viktigaste filosofi ”Kunnskap for utvikling!”.

Jærsmål er eit toårig pilotprosjekt der sentrale representantar for landbruk, utbygging/næringsliv, natur-/kulturvern, friluftsliv samt viktige offentlege utviklingsaktørar, blir inviterte til å koma saman i ei *tankesmie* for å prøva å identifisera felles verdiar, framtidvisjonar og potensielle *dialogbaserte* utviklingsstrategiar. HLB er prosjekt-/prosessleiar for satsinga.

Målsetjinga med prosjektet er å kunna koma med felles, dialogutvikla innspel til framtidsretta og bærekraftige (sosialt, kulturelt og økonomisk) strategiar som tek utgangspunkt i rask befolkningsvekst og difor behovet for både fleire bustader og gode friluftsareal, men som

samtidig kan vera med og sikra langsiktige rammevilkår for det viktige jærlandbruket og gje rom for vern av sentrale natur- og kulturverdiar for framtidige generasjonar.

Jærsmiå skal byggjast opp rundt brei involvering og deltaking, og framlegg til løysingar skal veksa fram nedanfrå gjennom felles kunnskapsbygging og aktiv, løysingsorientert, dialog. Jærsmiå skal prøva å peika ut arealutviklingsmodellar og -prinsipp som i større grad enn i dag tek omsyn til breiare grupper av brukarar og interesser i jærlandskapet. Dialogen skal difor gjennomførast mest mogleg uavhengig av etablerte posisjonar og sanningar.

16 sentrale personar frå landbruk, utbyggarar, det offentlege og frilufts-/verneinteresser deltek i smia.

Intensivt landbruk og natur-/kulturvern

Auka matproduksjonen må tyda meir intensiv landbruksdrift. Samtidig møter bonden stadig fleire krav knytt til natur-/kulturvern på eigen gard. Med empirisk fokus på den betente konflikten rundt forvalting av svarthalespove i intensivt driven eng på Jæren, startar HLB no eit prosjekt med mål om å laga ein overførbar modell for korleis aktiv matproduksjon og vern kan kombinerast.

Ei sentral målsetjing er å koma fram til vernepraksisar som bonde/grunneigar/lokalsamfunn kan kjenna eigarskap til og som kan inngå i dagleg drift og gjeremål. Modellen skal utviklast med basis i bøndene rundt Orrevatnet på Jæren sine eigne forvaltingsstrategiar for raudlistearten svarthalespove. ”Lokal kunnskap” er i dag eit stort tema i internasjonal forsking på mobilisering og lokalsamfunnsutvikling, men alt for lite fokusert i samband med krevjande vernesaker i det norske landbrukslandskapet.

Prosjektet er eit samarbeid med lokale bønder og lokal/regional forvalting. Prosjektleiar er Dag Jørund Lønning.

Dialogbasert arealutvikling

Dette forskingsprosjektet (forprosjekt) er støtta av Noregs Forskningsråd gjennom Forskningsfond Vestlandet. Prosjektet skal utvikla kunnskapsgrunnlaget for Jærsmiå, og utvikla dialog som metode i kompliserte arealsaker. Samarbeidspartner er Rogaland fylkeskommune.

Prosjektleiar er Dag Jørund Lønning.

Evaluering av prosjektet ”Liv i fjøsan” i Nordland.

Ei rekkje meir eller mindre parallelle utviklingstrekk – teknologiske endringar, nedgang innanfor tradisjonelle produksjonar, framveksten av samdrifter og nye krav til bygningsmasse – har gjort at det i dag finst mange tomme og unytta bygningar i norske gardstun. Desse tomme bygningane kan utgjera ei potensiell kjelde til ny natur- og kulturbasert verdiskaping i distrikta.

I Nordland ønskjer ein å prøva ut dette potensialet. Det 3-årige prosjektet ”Fra tomme fjøs til nærings- og kulturinstitusjoner” er styrt av FMLA-Nordland, og søker å ”revitalisere Nordlands mange ubrukte fjøs som kultur- og næringsarena for å skape ny virksomhet, nye

møteplasser og sikre kulturlandskapet for fastboende og tilreisende og derved skape bolyst i bygdene”.

Evalueringa vart avslutta i 2013. Prosjektleiar var Dag Jørund Lønning.

Evaluering av Aksjon Jærvassdrag

HLB vann den offentlege anbodsrunden om å evaluera Aksjon Jærvassdrag. Oppdraget er leia av forskar Johan Barstad. Rogaland fylkeskommune er oppdragsgjevar.

Arbeidet skal føregå komande halvår, og det HLB-leia evalueringsteamet består av forskrarar frå HLB, Bioforsk Vest og University of Western England.

Dette er primært ei organisasjonsevaluering, og fokus vil vere på betydinga av dei to nye organisasjonsgruppene som vart etablerte etter 2002; «Avløpsgruppe» og «Frivillige tiltak i landbruket».

I tillegg til å vurdere endringar i rammevilkåra for organisasjonen, skal evalueringa også sjå på implementeringa av EU sitt vassdirektiv (vassforskrifta).

Prosjektleiar ved HLB er Johan Barstad.

Riding Native Breeds – hesteturisme basert på tradisjonelle hesterasar i nordområda

Kan me bruka våre tradisjonelle hesterasar rundt Nord-Atlanteren på nye måtar innanfor reiselivet? Dette er utgangspunktet for ei storsatsing på hesteturisme som HLB no skal leia. Saman med partnerar i Sogn og fjordane, på Færøyane og på Island, skal høgskulen utvikla nye forretningsmodellar for hesteturisme som koplar saman kystlandskapet, dei mange historiene som lever i dette og dei gamle hesterasane fjording, færøysk ponni og islandshest.

Satsinga går over to år, og har ei samla økonomisk ramme på 2,4 millionar. [Nordisk Atlantsamarbeid, NORA](#) medverkar med tilskott.

Prosjektleiar er Rhys Evans.

Prosjekt Nordlandshest

Finst det nye inntektsgjenvande bruksområde – ikkje minst innanfor turismen – for den utryddingstruga Nordlandshesten? I dette prosjektet samarbeider HLB med Bioforsk og FMLA i Nordland og Troms. Ei sentral målsetjing er også å integrera Nordlandshesten i Riding Native Breeds- programmet.

Prosjektleiar er Rhys Evans.

Kva er Jæren?

HLB set no i gang eit omfattande forskingsarbeid rundt kollektive oppfatningar og bruk av det opne og landbruksproduserte jærlandskapet. Målsetjinga er å koma opp med arealplanleggingsmodellar som tek effektiv omsyn til alle brukargrupper, men som samtidig byggjer på eit aktivt jordvern.

Sentrale problemstillingar for forskingsarbeidet er:

- Kva assosierer menneske i dag – innanfor og utanfor regionen – med Jæren?
- Korleis vert Jærlandskapet brukt og kven er brukarane?
- Kva er dei viktigaste fellesgoda frå det landbruksskapte jærlandskapet, og korleis vert desse forstått/nytta?

Prosjektet vil kunna få stor betyding både for landbruket og for framtidig arealplanlegging i regionen:

- Ved å identifisera og tydeleggjera fellesverdiar knytt til landbrukslandskapet vil ein kunna koma opp med fleire og breiare grunngjevingar for ein aktiv jordvernpolitikk for Jæren.
- Resultata frå prosjektet vil kunna danna utgangspunkt for reviderte arealplanleggingsmodellar som tek effektiv omsyn til alle brukargrupper i jærlandskapet.

Prosjektet er delfinansiert av Stiftinga for fremje av jordbruket i Nærbø og omeign, ved TINE Nærbø. Prosjektleiar er Dag Jørund Lønning.

Reiselivsstrategi for Rogaland

HLB har vunne ein offentleg anbodsrunde om å få leia prosessen rundt utviklinga av ny reiselivsstrategi for Rogaland. Oppdragsgjevar er Rogaland Fylkeskommune, og destinasjonsselskap, utviklingsorganisasjonar, næringsorganisasjonar, transportselskap, enkeltbedrifter og offentleg verkemiddelapparat dannar styrings- og arbeidsgruppa. Prosjektleiar ved HLB er Eli-Grete Høyvik.

Oppdraget vart ferdigstilt våren 2013.

Landbruksbyen Sandnes

HLB og Sandnes kommune har eit breispektra samarbeid med utgangspunkt i høgskulen sine pågående forskingssatsingar rundt jordvern, bynært landbruk og entreprenørskap i landbruksnæringa.

Samarbeidet inneber at Sandnes blir eit sentralt eksempelområde for forskingsarbeidet ved HLB, og at kommunen difor vil bli nytta aktivt både i nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. For Sandnes kommune vil forskingsresultat kunna nyttast direkte inn i arbeidet med rullering av delplan landbruk.

Sentrale forskingstema vil vera:

- Korleis sikra vern av matjord og viktige landbruksområde?
- Bynært landbruk; utfordringar og nye potensial?
- Nye næringar og innovasjonar i landbruket.

Prosjektleiar er Dag Jørund Lønning.

Sistre – HLB-leia EU-prosjekt om vaksne studentar og læring

SISTRE hadde sitt første planleggingsmøte tidleg i november 2012. Deltakarar frå Noreg, Frankrike og Tyrkia drøfta korleis ein pedagogisk kan leggja best mogleg til rette for vaksne studentar.

Hovudarbeidet tok til i 2013 og involvera studentar ved HLB. Prosjektleiar er Rhys Evans

Kulturarvsamarbeid i Litauen

HLB innleia i 2013 eit samarbeid (forprosjekt) med den litauiske organisasjonen «The Lithuanian Association for Castles and Manors». Samarbeidet var støtte med EØS-midlar. Det er søkt om fleire hovudprosjekt, som eventuelt vil starta i 2014. Fokus ligg på korleis dei mange vakre, men gjerne nedslitne, slott og borger i Litauen kan nyttast som ressursar i sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping.

Prosjektleiar er Dag Jørund Lønning.

Erfaringar med brannvarslingsutstyr i landbruket

På oppdrag frå aktørar i landbruket i Rogaland gjennomfører HLB ei omfattande kartlegging av bønder sine erfaringar med brannvarslingsutstyr. Utgreiinga er sett i gang grunna mange klagar på m.a falske alarmar.

Resultat vil føreliggja våren 2014. Prosjektleiar ved HLB er Olav Eggebø.

Sektormål 3

HLB har hatt god fagleg produksjon i 2011:

Bøker

Prosjektet «Liv i fjøsan» vart avslutta i 2013, og har resultert i ei rekke delrapportar. I tillegg vart det utvikla ei praktbok som summerer opp den viktigaste lerdomen frå prosjektet.

Lønning, Dag Jørund 2013: *Liv i fjøsan. Forfall, forandring, fornyelse*. Oslo: Forlaget Press.

Interne rapportar

Fosso, Eli Janette 2013: *Med liv og lyst. Lokalsamfunnsutvikling i Hordaland.* HLB Arbeidsrapport 3, 2013.

Lønning, Dag Jørund 2013: Korleis leggja til rette for bygdeutvikling! HLB arbeidsrapport 1, 2013.

Lønning, Dag Jørund 2013: Byfolk om bønder. Kan landbruket gje Sandnes ein unik byidentitet? HLB Arbeidsrapport 2, 2013.

Foredrag, media og anna formidling.

Rektor Dag Jørund Lønning har halde ei rekke foredrag og presentasjoner på regionale, nasjonale og internasjonale faglege seminar og konferansar i 2013.

Rhys Evans har medverka med faglege innlegg på fleire nasjonale og internasjonale konferansar/seminar om hest og næringsutvikling.

Johan Barstad og Rhys Evans har delteke i europeiske Cost-nettverk om bynært landbruk.

Det har vore svært mange oppslag om HLB i media også dette året. Media over heile landet tek i aukande grad kontakt med tilsette ved høgskulen for å få kommentarar.

Sektormål 4

HLB er ein liten høgskule i rask utvikling. 2013 har samla sett vore eit svært positivt år for høgskulen med god utvikling når det gjeld:

- Studietilbod: BA-graden er no betre kjend. Første studieår er meir eller mindre fullteikna
- Økonomi: Overskott for fjerde år på rad, og god omsetjing.
- Professorkompetanse
- God utvikling i staben med høg del førstekompetente
- Utviding av administrativ stad.
- Stor aktivitet på forskingssida
- Mykje formidlingsaktivitet

Det er venta at den positive utviklinga vil halda fram i 2014. Vedteke budsjett peikar mot eit nytt overskott og vidare omsetjingsvekst. Prosjektinngang vil avgjera kor vidt staben skal utvidast ytterlegare dette året.

Planar og utfordringar 2014

Hovudutfordringane i 2014 vert å sikra vidare positiv utvikling både fagleg og økonomisk. Administrasjonen la i februar 2014 fram eit budsjett for styret som syner overskott og ei

omsetjing på nærmere 8 millionar. Vekst skuldast aukande prosjektinngang og difor samfunnsrelevans, god fagleg produksjon, og ein viss vekst i studenttalet.

HLB vil elles arbeida vidare med satsing på høg fagleg kvalitet i staben og forskingsaktivitetane våre, ei satsing som sikrar studentane undervisning på internasjonalt toppnivå.

Eit viktig arbeid i 2013 og i åra framover blir elles å konsolidera det store fagmiljøet i Rogaland Landbrukspark SA. Her vil det vera store rom for fagutvikling og felles prosjektutvikling.

Studentkapasitet

HLB har aldri hatt fleire førespurnader frå potensielle studentar enn i løpet av vinteren 2013/14, og me forventar ei auke i talet på studentar for 2014. HLB ønskjer både å signalisera at det kan vera behov nye studieplassar knytt til vårt bachelorprogram i bygdeutvikling, og at me vil starta arbeidet med ei masterutdanning innanfor bygdeutviklingsfeltet.

Med helsing



Dag Jørund Lønning
Professor/rektor

Vedlegg:
Budsjett for 2014